

Bøndene si straumstøtte blir ført vidare

Sp, Ap og SV går saman og sikrar at landbruket sitt heva tak for straumstøtte kjem til å gjelda også første halvår neste år.



Stortingsrepresentant og finanspolitisk talsperson for Sp, Geir Pollestad, lova bøndene å retta opp feilen han gjorde ved budsjettpresentasjonen, og få på plass ei betre ordning enn det som låg i det opprinnelege forslaget. No har han fått det til. Foto: Torstein Bøe, NTB

[Åge Bjørnevik](#)

Publisert: 19.12.22, 11:00

| Oppdatert: 19.12.22, 12:38

([JÆRBLADET](#)): På dagen for regjeringa sitt statsbudsjett-forslag i oktober sa Geir Pollestad (Sp) til Jærbladet at straumstøtta til landbruket skulle vidareførast – med det heva taket på 60.000 kilowatt-timar (kWh) per måned som blei innført frå 1. oktober.

Men det viste seg å vera feil.

I budsjettforslaget låg det berre inne ei vidareføring av straumstøtta til landbruket med det gamle taket på 20.000 kWh per måned.

Bøndene blei sinte, og stortingsrepresentanten beklaga tidleg i desember feilen han hadde gjort – og lova at han skulle gjera sitt beste for å retta opp i det.

No har han klart det.

Annonse

– Når landbruket sitt budsjett blir diskutert i Stortinget seinare i dag, kjem Sp, Ap og SV til å leggja fram eit felles forslag om å vidareføra straumstøtta til landbruket med eit tak på 60.000 kWh. Vidareføringa gjeld for første halvår 2023, seier Pollestad til Jærbladet måndag morgon.

Dei tre samarbeidspartia har fleirtal på Stortinget, og dermed er ordninga sikra for eit halvt år til.

– For stortingsfleirtalet og meg er det viktig å sikra føreseielege rammer for landbruket i tida me er inne i, seier Pollestad.

Personleg er han også glad for at straumstøtta til landbruket blir ført vidare slik ho har vore dei siste månadane.

– Når ein har gjort ein feil og lovar å prøva å retta han opp, kjennest det sjølvstakt godt når det ordnar seg. Men først og fremst er dette godt nytt for bøndene. At me får vidareført støtta på dagens nivå – med det heva taket – i eit halvt år til, er viktig for næringa, seier Pollestad.

Ordninga som gjeld i dag, blei innført frå 1. oktober. På straumprisar på over 70 øre per kWh får bøndene dekkja 100 prosent av utgiftene opp til 60.000 kWh per månad. Før 1. oktober var taket i ordninga for landbruket på 20.000 kWh per månad.